



## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 13.09.2016

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Til:** Fylkestinget

### Fond som skal tilby risikovillig eigenkapital til bedrifter i oppstartsfasen

#### Innleiande

Dette notatet tek føre seg to fond som skal tilby risikovillig eigenkapital til bedrifter i ein oppstartsfasen:

- Sogn og Fjordane Fondet - presåkornfond under etablering
- Fjord Invest Såkorn AS

Vi drøftar her fylkeskommunalt bidrag i samband med dei nemnde fonda. Satsinga er sentral i verdiskapingsplanen som ein del av verkemiddelpolitikken.

Gjennom dette notatet ønskjer ein tilbakemelding på følgjande problemstillingar:

- Skal dei avsette midlane til presåkornfond tilførast fondet som tilskot eller som aksjekapital?
- Skal fylkeskommunen gå inn med meir kapital i Fjord Invest Såkorn?

Fond som går inn med eigenkapital i bedrifter som er i ein etableringsfase (dvs. under 5 år gamle) blir kalla såkornfond. Eit presåkornfond går inn med eigenkapital i ein tidligare fase enn eit såkornfond, og vil såleis ta høgare risiko på sine investeringar. Behovet for eigenkapital i starten er stort for gründerar og bedrifter. Fond som går inn med eigenkapital kjem som eit ekstra verkemiddel til ordningane frå Innovasjon Norge. Dei har ikkje høve til å gå inn med anna enn tilskot og lån. Dermed utfyller desse ordningane kvarandre på ein god måte.

#### Presåkornfond – Sogn og Fjordane Fondet AS

Kort om presåkornfondet

Det er teke initiativ til å etablere eit nytt presåkornfond som skal tilby risikovillig eigenkapital til nye verksemder i Sogn og Fjordane. Det nye presåkornfondet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane. Det er ønskjeleg frå dei to andre samarbeidspartane at dette presåkornfondet vert skipa som eit AS. Det er føreset at eigarane skal velje ein representant til styret i selskapet og at investeringsporteføljen

vert ivaretatt av ein forvaltar og av styret i fondet. Forvaltar vil inntil vidare vere Kunnskapsparken Sogn og Fjordane ved dagleg leiar.

#### Vurderingar kring presåkornfondet

Fylkeskommunen har sett av 1,5 mill. kr til presåkornfondet. Vi legg til grunn at det i tillegg vert sett av 1,5 mill kr i samband med tertialrapport 2. Også dette er tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge sitt tapsfond. Vurderingane no er korleis desse midlane vert tilført presåkornfondet på ein best mogleg måte, og her er det to alternativ:

- Fylkeskommunen går inn som eigar – kjøper aksjar i presåkornfondet
- Fylkeskommunen yter midlane som tilskot til presåkornfond-selskapet

#### Aksjekjøp

Fordel med aksjekjøp er at fylkeskommunen som eigar får god kunnskap om og kan påverke presåkornfondet si verksemد gjennom både generalforsamling og styrerrepresentasjon.

Fylkeskommunen er her ønska inn som eigar av Kunnskapsparken og Sparebanken Sogn og Fjordane. Eigarskap kan også gje andre synergieffektar, t.d. skape eit større kontaktnett mot næringslivet i fylket som kan vere verdifullt for fylkeskommunen. Erfaringar som eigar i tilsvارande selskap er at det med jamne mellomrom er behov for kapitaltilførsel frå eigarane. Som eigar vil vi såleis ha eit større ansvar i høve selskapet si økonomiske stilling. Det kan vere utfordrande for fylkeskommunen å prioritere ytterlegare kapitaltilførsel på sikt, spesielt i omstillingfasar lik den vi er inne i no med mange ulike innsparingstiltak.

#### Tilskot

Fordelen med tilskot er at det er enkelt og ein slepp ansvaret som følgjer med eigarskap.

Fylkeskommunen kan også sette vilkår for bruken av tilskotet i tilskotsbrev. På den andre sida gjev ikkje tilskot same påverknad på presåkornfondet si verksemد.

#### **Såkorn fond – Fjord Invest Såkorn AS**

Fjord Invest Såkorn AS er eit eksisterande selskap/fond der fylkeskommunen i dag eig 50,58 % saman med Stiftinga REKOMP og Fjord Invest AS. Fondet blei oppretta i 2004.

I 2010 auka Sogn og Fjordane fylkeskommune eigarandelen sin i Fjord Invest Såkorn til dagens 50,58%. Kapitalinnskotet var på 11 mill. kr. I samband med dette vart fylkeskommunen hovudaksjonær og fondet sitt føremål endra, frå investering i bedrifter i tidleg fase til å investere i «konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane». Endringa vart gjort for også å kunne delta i snuoperasjonar av etablerte bedrifter i fylket.

Fylkeskommunen har no motteke ein søknad frå styret i Fjord Invest Såkorn om auka kapitalinnskot på mellom 5 – 10 mill. kr. Det er lite kapital tilgjengelig og situasjonen kan snart bli krevjande for fondet. Kapitalsituasjonen i fondet er no slik at det meste av eigenkapitalen er bunde i ulike aksjepostar, slik at det ikkje er likvide midlar til verken oppfølgingsinvesteringar eller nyinvesteringar av noko storleik. Styret konkluderer med at fondet ikkje har midlar til å sikre ei forsvarleg drift utover 2. kvartal 2017.

Styret i fondet skisserer tre alternative måtar for å auke kapitalen i fondet slik:

*«Sal av porteføljeselskap*

Fleire av porteføljeselskapa er i positiv utvikling, og kan verte modne for realisering i løpet av 2-3 år frå no. Dette er likevel ein usikker måte å sikre midlar til vidare drift av fondet, og må sjåast på i eit meir langsigktig perspektiv.

*Tilføre kapital frå nye eigarar*

Investeringar i såkornfond er av natur risikoutsett, og det er difor utfordrande å finne private investorar som ønskjer å investere større beløp i denne typen fond. I alle tilfelle er dette prosessar som vil ta lang tid, og som ikkje løyser dei meir kortsiktige mangelen fondet har på kapital.

*Tilføre kapital frå dagens eigarar*

Dagens eigarar må kunne karakteriserast som institusjonelle, i den forstand at dei ikkje er privatpersonar eller representerer einskilde bedrifter. Fjord Invest og DAA-fondet har sidan etableringa av Fjord Invest Såkorn tilført midlar gjennom fleire emisjonar og har på grunn av kapital og føremål ikkje høve til å vere med og auke kapitalen i fondet ytterlegare. I praksis er det difor fylkeskommunen som er einaste eigar som kan tilføre kapital. «

Styret rettar no ein søknad om kapitalauke berre til fylkeskommunen. Dei andre eigarane har ikkje fått tilsvarande førespurnad. Styret i Fjord Invest Såkorn vonar at det i denne omgang vert tilført kapital til å sikre fondet i eit tre års perspektiv. Dette vil innebere ein kapitalauke på 5-10 mill. kr. Viss fylkeskommunen stiller seg positivt til dette må dette prioriterast og løvvast i budsjettet.